

Nasjonalparker – urørt natur?

Under spalten "Naturligvis" skriv Bjørn P. Kaltenborn i Klassekampen 11.11.2024 om nasjonalparker. Eg kan fullt ut slutte meg til ønsket hans om å ta meir vare på naturen og kritikken hans av regjeringa si naturmelding. Men når han framstiller nasjonalparkane som urørte område der tida står stille, står han fram som representant for den store feilslutninga som har prega norsk vernepolitikk. Forfattere blir presentert som seniorforskar ved Norsk institutt for naturforskning. Det er ein landsomfattande institusjon som opererer i alle kantar av Noreg. Når representantar for ein slik institusjon uttalar seg om prinsipielle landsomfattande forhold, burde ein kunne forutsette at dei har kunnskap om korleis fenomenene dei uttalar seg om fungerer i dei forskjellige landsdelane.

Nasjonalparkane er IKKJE i urørt natur. Dei er i natur som er brukt i tusenvis av år, og ofte finn vi kulturminner i nasjonalparkane, frå steinalderen og framover mot vår tid. Tida har ikkje stått stille her. Også i nasjonalparkane kan vi sjå korleis bruken av områda har endra seg gjennom tidene. Om vi vil sjå. Problemet er at norsk nasjonalparkforvaltning ikkje har ønska å sjå. Som eksempel kan eg nemne den nasjonalparken som er nærast der eg bur, Anárjohka nasjonalpark. I dei offisielle presentasjonane av denne i bokserien "Norges nasjonalpark" er det ikkje nemnd med eit ord at det har budd folk her. Det har faktisk budd så mye folk at det er skriva ei masteroppgåve om kulturminne i denne nasjonalparken.

Dette er ikkje bare gamal historie. Anten vi teller i antall eller areal, er nær halvparten av nasjonalparkane i Noreg i område brukt av samar til reindrift og naturhausting. Da desse nasjonalparkane blei oppretta, blei det skriva inn i nasjonalparkforskriftene: "Området kan brukes til reindrift". Som om dette var ei gåve frå styresmaktene, ikkje ein rett ut frå alders tids bruk. Representantar frå vernestyresmaktene forsikra reineigarane om at dei kunne halde fram reindriften akkurat som før. Ingen snakka om den tekniske utviklinga som gjorde at reindrift i dag er noko heilt anna enn det var for 60 år sidan. Kaltenborn nemner ikkje med eit ord at det faktisk har vore og enno er konflikter mellom vernestyresmakter og lokale næringsutøvarar om bruken av mange nasjonalparker.

For vel eit tiår sidan var det i Finnmark store planar om å utvide og etablere nye nasjonalparker og naturreservat. Planane var klekka ut av sentrale styresmakter og blei presentert for lokalbefolkninga gjennom media, som noko som var nesten ferdig vedtatt. Dette var område som ikkje bare var brukt til reindrift, men også til jakt, fiske, vedhogst og sanking. Ofte går det faste løyper for snøskuter eller barmarkskjøretøy tvert gjennom dei foreslåtte verneområda. Garnfiske for næring og matauk ville i praksis måtte opphøre. Turismen skulle det derimot ikkje vere restriksjonar på. Den skulle auke, både som individuell og organiserte gruppeturar. Som ein lokal utmarksutøvar sa: "Dei vil ta områda frå oss og gi dei til turistane". Motstanden var så unison i Finnmark at heile verneplanen blei lagt bort. Denne historia eksisterer ikkje i Kaltenborn si romantisering av nasjonalparkane.

Han skriv "Jeg liker tanken på at det omfattende systemet av verneområder i Norge er et stort demokratisk prosjekt. Vi er alle litt eiere av disse flotte områdene". Spørsmålet mitt er da: Kvifor skal du og andre på Austlandet vere litt eigar av nasjonalparker f.eks. i Finnmark, samtidig som massen av slike eigarar ikkje veit noko om kven og kva dei fortrenger? Samiske naturbrukarar har aldri hatt formell eigedomsrett til sine område. Dei har tidligare heller ikkje stilt krav om det, da

det har vore tilstrekkelig med ein verna bruksrett. Dei inngrepa som no skjer, på eine sida gjennom kraftutbygging og mineralutvinning, på andre sida med reservering av verneområde for turisme, har ført til at dei har blitt tvunge til å krevje eigedomsrett. I von om at denne retten vil sikre dei meir mot inngrepa.

Vi treng meir og ikkje mindre vern i Noreg. Men det må skje i samråd med lokale utmarksbrukarar og ikkje i strid med dei. Det blir ikkje "et stort demokratisk prosjekt" om brukarar av områda skal oversjåast og overkøyrast.

Innlegget står på prent omtrent samtidig med at Stortinget behandlar rapporten til Sannings- og forsoningskommisjonen. Ei av oppgåvene framover blir å gjøre slutt på usynliggjøringa av samisk naturbruk. Kor står Kaltenborn, NINA og Klassekampen i den samanhengen?

Svein Lund
Guovdageaidnu

Innlegg i Klassekampen 11.11.2024

Nasjonalparker for en ny tid

I et urolig og oppjaget samfunn trenger vi oaser hvor tiden står stille.

Bjørn P. Kaltenbornbjorn.kaltenborn@nina.no

Det bærer lett oppover mot Strålsjøen i Dovre-Sunddalsfjella nasjonalpark, en av de største nasjonalparkene vi har i Norge. Været er upåklagelig denne morgenen, og gleden over stille og vakker natur blir ikke mindre da nysnøen avslører et dagfersk jervespor. Hadde jeg vært ute et par timer tidligere, hadde jeg kanskje møtt på krabaten som sannsynligvis har los på en reinflokk i nærheten.

Like greit, den har det nok bedre uten forstyrrelsen fra et menneske, og jeg kan nyte vissheten om at det fortsatt finnes jerv i Norge og heller fundere på hva vi skal med dagens nasjonalparker i en stadig mer stresset og usikker tid. En tid da regjeringen med brask og bram lanserer en «naturmelding» som tilsynelatende skal bremse akselererende naturødeleggelser, men som ikke kan forstås som annet enn bleik avlat på veien mot mer av det samme. Her er ingen reell vilje til å bremse de mest destruktive kreftene i samfunnet eller stake ut en ny kurs for naturen.

Mens jeg følger jervesporet med blikket mot en bakketopp hvor det forsvinner, hjemsøkes jeg av den frustrerende følelsen som stadig dukker opp med økende styrke: Hvordan skal vi forskere formidle hvorfor naturen er så enormt viktig for oss som samfunn? Folk flest synes det er fint med natur og mange liker å bruke den, men hva så? Naturen ligger jo der, og den er gratis. Retorikken for å verne store områder i Norge har siden starten på 60-tallet gått i det faglige stammespråket: sikre naturtyper, økosystemer, biodiversitet, biotoper, refugier for truede arter. Ikke akkurat det folk flest tenker på til daglig. Jo da, det har sikkert vært riktig og nødvendig for å få systemet, jussen og forvaltningen på plass. Men nå trengs det annen lut, rett og slett andre tanker og et annet språk. Jeg kjenner et snev av optimisme når jeg tenker på hvordan fenomenet «naturtap» nå dukker opp i mediene, og hvordan det for en gangs skyld tilsynelatende fenger så bredt i den offentlige debatten.

Det er en trist erkjennelse at det moderne velferdssamfunnet også bringer med seg masse uhelse, psykiske lidelser, utenforskap, ensomhet og meningsløshet. En fellesnevner er svake eller fraværende relasjoner med andre mennesker – og med natur. Mye tyder på at jo mer vi bygger ned naturen, desto dårligere går det med nordmenns helse. Vi velger bort den kontakten med naturen som krever fysisk og psykisk innsats, der vi må kjenne etter, føle uro, noen ganger frykt og undring over det tidløse rundt oss. I stedet tapetserer vi utmarka med installasjoner som skal gjøre livet lettere og mer behagelig: hytter, veier, vindmøller, mobilmaster som sikrer at sosiale medier er tilgjengelig over alt. Men vi blir ikke lykkeligere og sunnere, tvert imot. Nordmenns fysiske og psykiske helse er skremmende dårlig sammenlignet med mange andre land.

Nasjonalparkene ligger der og kan bidra til å bøte litt på det. Jeg liker tanken på at det omfattende systemet av verneområder i Norge er et stort demokratisk prosjekt. Vi er alle litt eiere av disse flotte områdene, men jeg kan ikke selge min «andel» eller gjøre hva jeg vil med den. Jeg har bare rett til å være her hvis jeg oppfører meg respektfullt og varsomt. I en tid hvor det blåser mørke skyer fra høyre med budskap om at alt kan selges og kjøpes, må vi holde fast ved den demokratiske tanken om at vi alle deler uhyre viktige verdier som handler om helt andre ting enn økonomi.

De store verneområdene har i mange år sikret at vi ikke har rasert alt av utmark og urørthet i dette landet, i all hovedsak ut fra en naturvitenskapelig begrunnelse. Men det vil ikke holde i framtiden. Vi skal ikke skrinlegge det tradisjonelle faglige grunnlaget, men vi må ta argumentasjonen videre. Omgitt av fredelige, snødekte fjell i glitrende solskinn tenker jeg at vi må løfte de store nasjonalparkene ut av den vanlige debatten om arealforvaltning og hvor hardt vi kan belaste disse områdene før vi ødelegger dem helt. Her må vi rett og slett bruke en annen målestokk. Nasjonalparkene må få ligge i fred for det alminnelige kjøret om samfunnets behov for verdiskapning og ressursutnyttelse.

Dette må være områder som kan få leve sitt eget liv regulert av naturlige rytmer og prosesser, skjermet for krav om nytte og hensikt. Her skal ikke målestokken være materiell ressursutnyttelse eller hvordan turistindustrien kan tjene mest mulig penger på tilrettelagte opplevelser. Framtidens nasjonalparker må vi betrakte som noe helt annerledes enn resten av landskapene. I et urolig og oppjaget samfunn hvor stadig flere har det altfor travelt, trenger vi oaser, steder hvor tiden står stille, hvor vindsus og dyretråkk erstatter Tiktok og lettvinnt underholdning. Steder hvor mennesker kan møte seg selv og kjenne på nakenheten og ærligheten som ligger i møtene med naturen.

Det er stillheten, renheten, det opprinnelige, samspillet, og muligheten for undring og kontemplasjon vi skal verne om her i årene som kommer. Skal nasjonalparkene makte å stå imot de kommersielle kreftene som presser på fra alle kanter, trengs det nye tanker. Begrunnelsen, eller visjonen, må røre ved dype og grunnleggende menneskelige behov. Her er mitt forslag: Det overordnede målet med forvaltningen av framtidens nasjonalparker må være verdighet og anstendighet. Tanken om verdighet går bra sammen med livskvalitet og humanisme, naturopplevelser og relasjoner som peker innover mot kontemplasjon, tilfredsstillelse, integritet og psykisk velvære. Motsatsen til livskvalitet i møte med naturen er konkurranse, utnyttelse, press og mangel på omsorg for annet liv. Mon tro om regjeringen noen gang vil melde et mer håpefullt perspektiv?

I et av klodens fredeligste og rikeste land må vi kunne vise verden at vi har anstendighet nok til å holde naturvern høyt og erkjenne at meningsfulle relasjoner til naturen er en av de viktigste kildene vi har til god helse og velferd. Å rasere naturen for lettvinnt fornøyelse og kortsiktig kommersiell

vinning er uanstendig, uansvarlig og udemokratisk. Å arbeide for at nasjonalparkene består som fredelige steder hvor ekte og dype relasjoner mennesker imellom og mellom mennesker og natur kan utvikles, det er den dyd vi, og jerven, kan være bekjent av.